# Høyringsuttale

| | |
|---|---|
| **Innsendt** | 30.09.2024 22.05.55 |
| **ReferanseID** | KINN005-1715338 |

## Innleiing

### Innleiing

Har du/de fått tilsendt høyringssaken i adressert sending frå kommunen?

☒ Ja ☐ Nei

Dato på kommunens høringsbrev

30.09.2024

Namn på høringssaka

Innspel til samfunnsdelen i kommuneplanen

## Opplysningar om innsendar

### Innsendar

Uttalen er

☐ Personleg

☒ På vegne av føretak / lag / foreining

### Opplysninger om føretak/lag/foreining

Organisasjonsnummer

Organisasjonsnavn

Stavøy grendalag

Adresse

Stavøyvegen 477

Postnr/sted

6944 STAVANG

E-post

svhjelle@online.no

### Opplysningar om innsendar

Fødselsdato

30.11.1950

| Fornavn | Etternavn |
|---|---|
| Svein | Hjelle |

Adresse

stavøyvegen 477

Postnr/sted

6944 STAVANG

| Telefon privat | jobb |
|---|---|
| 41403277 | |

| E-postadresse |
| --- |
| stavøyvegen 477 |
| Stilling |
| Pensjonist |

## Uttale

### Uttale

Uttale til saka

Innspel til samfunnsplanen frå Stavøy grendelag
Kinn kommune treng ein kommuneplan som legg opp til levande distrikt. Kinn er ein relativt stor landbrukskommune i Vestland. Likevel er matproduksjon og landbruk fråværande i kommunen sin samfunnsplan som det øvste styrande dokumentet i kommunen. Det er skremmande.
Sitat: Kinn kommune er ein attraktiv kommune som omstiller seg og gir likeverdige tenester. Dette står det i forslaget til samfunnsplanen. Likeverdige tenester vil ikkje gjelde for alle innbyggjerar i kommunen. I følgje forslaget til samfunnsplanen vil det å få ei kommunal teneste viss ein bur i distriktet verte fråværande. Det kan vi ikkje godta. Vi som bur i provinsen av Florø eller Måløy vil ikkje kunne motta teneste frå kommunen. Dette enda mange i arbeidsfør alder vil bu i distrikta. Vi kan nytte dei ressurser som bur i omlandet på ein betre måte slik at alle i kommunen kan bu heime lengre. Slik forslaget ligg føre no er mange nødt til å flytte på seg for å kunne motta ei kommunal teneste. Det er ikkje berekraftig.
Skal Kinn kommune verte ein berekraftig kommune, må kommunen ha levande distrikt. Utan eit levande omland, vil byane forvitre vekk. Difor må samfunnsplanen også ta inn over seg at Kinn kommune er ein distriktskommune.
God infrastruktur og eit kollektivttilbod som er føreseieleg er viktig for heile kommunen. Også for distrikta.
Stavøy grendeutval vil til slutt støtte opp Svanøy grendeutval sitt høyringssvar til kommuneplanen sin samfunnsdel.

### Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til